

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	10.11.2023
Vår referanse	2023/80023-9
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om utsett byggefrist for Høyland minikraftverk i Etne kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi ser ingen konsekvensar for kulturminneinteresser. Etne kommune har kartlagt friluftslivsområde, men det er usikkert kor mykje kraftutbygginga vil påverke friluftslivet. Vi ber NVE vurdere dette. Fylkeskommunen viser elles til Statsforvaltaren si fråsegn.

Bakgrunn

NVE har motteke søknad frå Kambo Energi AS om løyve til forlenga byggefrist for Høyland minikraftverk med fem år, til 27.10.2025. Kambo Energi AS fekk opphæveleg konsesjon til å bygge kraftverket 27.10.2015. NVE har no sendt denne søknaden på avgrensa høyring. Fylkeskommunen er høyringspart.

Kulturminne

Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

Søknad om utsett byggjefrist gjev ingen konsekvensar for kulturminneinteressene i området. Når det gjeld generell vurdering av kulturminneinteresser knytt til tiltaket og tilhøvet til dei automatisk freda kulturminnelokalitetane på austsida av Høylandselva, viser vi til vår fråsegn til konsesjonshøyringa datert 15.08.2008.

Friluftsliv

Sidan det blei gjeve konsesjon i 2015 har Etne kommune gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Vassinntaket og øvre del av vassvegen er omfatta av dei to kartlagde friluftslivsområda Etnefjellet Sørfjellet og Etnefjellet Midtre. Begge områda er definert som store turområde med tilrettelegging og verdsett som svært viktige friluftslivsområde. Dette er store område og områdeavgrensinga er relativt unøyaktig, det er difor vanskeleg å vurdere kor mykje ferdsel det er i akkurat den delen av områda som blir råka av kraftutbygginga og kor mykje dei aktuelle tiltaka vil ha å sei for friluftslivet.

I UT.no er det lagt inn eit turforslag til Høylandshovda. Turen følger traktorveg eit stykke vest for Høylandselva og det er uvisst om inngrepa i tilknytning til inntak og vassveg vil vere synleg frå denne turtraseen.

Kartlegginga av friluftslivsområde og turforslag i UT.no syner at det kan vere friluftslivsinteresser i det aktuelle området for Høyland minikraftverk. Ev. konsekvensar for friluftsliv er noko som må vurderast nærare i samband med vurdering av forlenga byggefrist

Vassmiljø

Fylkeskommunen har ansvaret for forvaltning av haustbare, ikkje trua bestandar av innlandsfisk. Med bakgrunn i desse artane har vi ikkje avgjerande merknadar til at det blir gitt utsett frist til Høyland minikraftverk.

Fylkeskommunen viser til statsforvaltaren si fråsegn i saka i høve avbøtande tiltak for å ivareta ål og fossefall.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonssjef

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ETNE KOMMUNE

Sjoarvegen 2

5590

ETNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER